



TILSYNSRAPPORT

Vedtak

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø

Lindås barnehage



Samandrag

Barnehagemynde i Alver fører tilsyn med Lindås barnehage. Tema for tilsynet er barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Under dette temaet kontrollerer vi deler av aktivitetsplikta, jfr. barnehagelova § 42 4. og 5. ledd:

- a. Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø
- b. Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ein sak
- c. Kravet til kva den skriftlege planen skal innehalda

Formålet med aktivitetsplikta er å sikre at barna i barnehagen har eit trygt og godt barnehagemiljø. I LOB § 42 4. og 5. ledd omhandlar plikta til å undersøkje kva som har skjedd, setje inn tiltak, og lage ein plan for å sikre at barna får eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal finne ut kva som er årsaka til at eit barn ikkje har det bra. Dette er utgangspunktet for å setje inn dei rette tiltaka. Viss eit barn i barnehagen ikkje har det bra, må barnehagen lage ein skriftleg plan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag.

Føremålet med tilsyn på dette tema er å kontrollere om barnehageeigar sikrar at det blir sett inn tiltak, og at det blir laga ein skriftleg plan viss eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det blir og kontrollert om krava til kva den skriftlege planen skal innehalda er følgt.

Funn i tilsynet

I tilsynet har vi funne at barnehagen ikkje etterlever regelverket på alle område. Barnehagen må velje tiltak basert på ei konkret og fagleg vurdering, og kunne dokumenterer dette. Ein må og gjere ei konkret vurdering av kva som er eigna tiltak.

Lindås barnehage fekk ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg innan fristen. På bakgrunn av uttalen frå barnehagen, har vi gjort endringar i rapporten. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Barnehagen har rettefrist til 05.05.2023



Innhold

1	Innleiing	3
1.1	Kort om barnehagen.....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet	4
2	Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak	4
2.1	Rettslege krav.....	4
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
3	Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan	8
3.1	Rettslege krav.....	8
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	9
4	Varsel om pålegg om retting	10
5	De kan gi tilbakemelding på rapporten	10

1 Innleiing

Barnehagemynde i Alver kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova kap.10 §53.

I tilsynet kontrollerer kommunen om barnehageeigar oppfyller barnehagelova med forskrifter. Dersom barnehageeigar ikkje oppfyller regelverket kan kommunen pålegge retting.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om barnehagen

Lindås barnehage er eigd av Alver kommune. Barnehagen flytta sommaren 2021 inn i nye lokale. Tidlegare namn på barnehagen, før flyttinga, var Kolås barnehage.

Barnehagen er valt ut på grunn av storleik og eigarform, kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte og kva konsekvensar det kan få for barna. Lovkrava er forholdsvis nye, og det i seg sjølv er vurdert som ein mogleg risiko for at krava i regelverket ikkje er oppfylt.



1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Alver kommune opna tilsyn med Lindås barnehage i brev datert 10.11.2022. De vart då pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet. Etter førebels kontroll av innsendt dokumentasjon vart det vurdert at ein treng henta inn ytterlegare dokumentasjon gjennom stadleg tilsyn. Dette vart varsla i brev datert 03.01.2023. Stadleg tilsyn vart gjennomført 24.01.2023.

Tema for tilsynet er barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barn har eit trygt og godt barnehagemiljø, Under dette temaet kontrollerer vi Aktivitetsplikta, jfr. barnehagelova § 42 4. og 5. ledd:

- a. Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø
- b. Barnehagen si plikt til å lag ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak
- c. Kravet til kva den skriftlege planen skal innehalda

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket. Dersom barnehagen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Vi sende førebels tilsynsrapport til dykk 10.02.2023. I den presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. De har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 03.03.2023. Vi har handsama kommentarane frå dykk under kvart av dei aktuelle tema.

2 Barnehagen si plikt til å setje inn tiltak

2.1 Rettslege krav

Barnehagen har ei plikt til å setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skal undersøkje saka og så langt det finns eigna tiltak, sørgje for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø. Plikta til å setje inn tiltak gjeld og når barnehagen sine egne undersøkingar viser at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. I lov om barnehager § 42 er tiltak framstilt som eit ledd i eit konkret tilfelle der eit barn ikkje har det trygt og godt. Dette skil seg frå tiltak som er førebyggjande. Tiltaka skal sikre at barnet igjen får eit trygt og godt barnehagemiljø.

Det er barnehagen og barnehageeigar sitt ansvar å velje dei tiltaka som er best eigna. Tiltaka skal veljast på grunnlag av ei konkret og fagleg vurdering. Barnehagen må aktivt søkja etter moglege og eigna tiltak og velje tiltak ut frå faglege vurderingar. Tiltaka skal vere kunnskapsbaserte. Kva som er til det beste for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn ved val av tiltak. Individuelle tiltak kan supplerast med tiltak på gruppe- og systemnivå.



2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Set barnehagen inn tiltak når eit barn eller foreldre seier at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser det?

Observasjonar

I eigenvurdering svarer barnehagen/styrar ja på dette spørsmålet. Barnehagen skriv at ein arbeidar etter «Dei Utrulege Åra» (DUÅ) for å fremje barna si sosiale, emosjonelle og kognitive utvikling. Gjennom DUÅ har barnehagen fått verktøy og metodar for systematisk arbeid med tema gjennom barnehageåret. Barnehagen skriv at dette gjer det enklare å fange opp dersom eit barn ikkje har det trygt og godt, og at ein kan setje inn tiltak etter behov i samarbeid med barn og foreldre. Dette, skriv barnehagen, kan ein gjere før utfordringane utløyser aktivitetsplikta.

Barnehagen har vurdert at dei ikkje har hatt bekymringar som gjer at aktivitetsplikta har vore utløyst. Sjølv om barnehagen ikkje har hatt erfaringar med aktivitetsplan, så har ein nytta DUÅ strategiplan i det førebyggjande arbeidet. Barnehagen formidlar at dei ved hjelp av strategiplanen og anna førebyggjande arbeid kjem tidleg i gang med tiltak.

På kommunen sine heimesider og i barnehagen si skriftlege rutine kjem det fram at barnehagen skal setje inn tiltak om ein får kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

I kommentar til førebels rapport har barnehagen sendt inn ytterlegare dokumentasjon der ein etter varsel og undersøking har sett inn tiltak nedfelt i ein aktivitetsplan.

Vurdering

Formålet med å setje inn tiltak etter § 42 i Lov om barnehager er å sikre at eit barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø får det. Plikta til å setje inn tiltak gjeld både om barn eller foreldre seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, eller barnehagen sine egne undersøkingar viser dette. Så langt det finst eigna tiltak, skal barnehagen setje inn tiltak.

Barnehagen viser at dei gjennom lang tid har arbeida med verktøyet DUÅ. Programmet skal bidra til å hjelpe barn med åtferds- og sosiale vanskar der ein både arbeider utviklingsstøttande, førebyggjande og med behandlande tiltak. Barnehagen viser og dokumenterer at dei aktivt nyttar dette programmet sine strategiplanar når ei utfordring oppstår. Barnehagen skildrar at dei er raske med å setje inn tiltak ved hjelp av ein strategiplan, også om eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen vurderer at dette har gjort at ein raskt har kome inn med tiltak. Etter barnehagen si vurdering har det derfor ikkje vore naudsynt å vurderer å setje inn ytterlegare tiltak, slik dei vurderer det kjem fram i § 42 i barnehagelova.

Barnehagen vurderer at det er barn i barnehagen som til tider opplever å ikkje ha det trygt og godt i barnehagen. Dette blir fanga opp blant anna gjennom den praksis og dei verktøy og metodar barnehagen har tatt i bruk. Tiltak blir deretter sett inn utan at barnehagen vurderer at aktivitetsplikta er utløyst. I den førebelse rapporten kjem det fram at i vurderinga av innsendt dokumentasjon, samt ved stadleg tilsyn, var det uklårt for barnehagemyndene om det blir sett inn tiltak etter lovkrava i § 42 sjølv om barnehagen kjenner til at eit barn ikkje har det trygt og godt. Dette medførte ei vurdering av at



lovkravet ikkje var oppfylt. I barnehagen sin kommentar til den førebelse rapporten er det lagt ved dokumentasjon som viser at barnehagen si vurdering av og praksis knytt til å setja inn tiltak etter lovkrava er i utvikling. Styrar viser og til dette i sin kommentar. Dette gjev grunnlag for å endra barnehagemynde si vurdering til at det no er sannsynleggjort eller dokumentert i tilstrekkeleg grad at det blir sett inn tiltak etter lovkrava.

Barnehagen skildrar at dei set inn tiltak i ein strategiplan og at tiltaka kan gå over lang tid. Dette er tiltak dei vurderer er ein del av det førebyggjande arbeidet. Barnehagen viser til at dei i fleire saker har vurdert at plikta til å setje inn tiltak etter LOB § 42 ikkje har vore utløyst. Barnehagen sjølv skriv i si utgreiing og kommentar etter førebels rapport at dei har reflektert over i kva grad dei følgjer godt nok med og fangar opp hendingar i barnehagemiljøet. Dei viser til at dei opparbeider erfaring gjennom refleksjon og praksis til å vurdere når aktivitetsplikta vert utløyst.

Barnehagen har ei plikt til å setje inn tiltak når eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Kapittel 8 i barnehagelova krev både at ein systematisk skal følgje med på korleis alle barna har det i barnehagen, oppdage om eit barn ikkje har det bra, undersøkje dette og setje inn eigna tiltak.

Barnehagen viser til ein praksis som no samsvarer med barnehagen si rutine og retningsline for korleis ein skal handheve lovkrava om å setje inn tiltak etter barnehagelova § 42. Vi kjem i vår vurdering til at barnehagen har etablert ein praksis i samsvar med lovkrava i barnehagelov § 42 om kravet til å setje inn tiltak.

Konklusjon

Barnehagen set inn tiltak når eit barn eller foreldre seier at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. ledd

Vel barnehagen tiltaka basert på ei konkret og fagleg vurdering?

Observasjon

Barnehagen har i stadleg tilsyn svart ja på dette spørsmålet. Barnehagen viser til at ein nyttar etablert ressursteam til å drøfte saker fagleg. Barnehagen har eit system for felles refleksjon på individ- og systemnivå saman med PPT. Barnehagen nyttar strategiplanar som utgangspunkt for vidare drøfting i teamet og mellom kollegaer. Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på skjema (mal) som vert nytta for konklusjon etter undersøking.

Vurderingar

Barnehagen skildrar at dei set inn tiltak, og at desse vert dokumentert i ein DUÅ strategiplan. Barnehagen sjølv skildrar at dei vel tiltak basert på ei konkret fagleg vurdering og at tiltaka er spissa og retta mot dei måla ein har definert.

Det kjem ikkje fram i dokumentasjon av strategiplan at tiltak som er sett inn er basert på ei konkret og fagleg vurdering. Det kjem heller ikkje fram i barnehagen sine rutinar eller mal for aktivitetsplan at dei tiltaka ein set inn skal baserast på ei slik vurdering. Barnehagen har informert om at det inntil nyleg ikkje er utarbeida aktivitetsplanar i



barnehagen. Når det har vore vurdert behov for å setje inn tiltak, er det som oftast nytta ein strategiplan. Det er ikkje sannsynleggjort og dokumentert at barnehagen gjer ei analyse etter undersøking av om eit barn har det trygt og godt, og at ein basert på denne analysen gjer ei konkret og fagleg vurdering av kva som vil vere eigna tiltak. Det er gjort ei vurdering av barnehagen sine kommentarar og ytterlegare innsendt dokumentasjon etter den førebelse rapporten. Barnehagemynde opprettheldt konklusjonen i den førebelse rapporten.

Konklusjon

Barnehagen vel ikkje tiltak basert på ei konkret og fagleg vurdering, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. ledd

Vurderer barnehagen konkret kva tiltak som er eigna?

Observasjon

Det er vist til i barnehagen sin rutine for eit trygt og godt barnehagemiljø, at problemformuleringa, utfordringsbilete, skal vere konkret og utfyllande for å kunne nyttast til å setje inn eigna tiltak. Det kjem fram i rutinen at tiltaka skal vere basert på undersøkingar, og vere konkrete og tilpassa den aktuelle saka. I dokumentasjon og ved stadleg tilsyn blir det vist til at ein drøftar eigna tiltak i t.d. ressursteam i barnehagen.

Vurderingar

Det kjem fram i barnehagen si utgreiing at det blir drøfta i ressursteam og mellom kollegaer kva som er eigna tiltak i konkrete saker. Det er dokumentert i rutine at ein slik vurdering skal skje før ein set inn tiltak, og at vurderinga av kva som er eigna tiltak skal skje på bakgrunn av informasjon som er kome fram etter ei undersøking. Barnehagen har hatt få aktivitetsplanar, og har som oftast sett inn tiltak der dei har nytta strategiplanar. Det er desse tiltaka som har vore drøfta og vurdert i barnehagen.

Det er dokumentert at barnehagen har rutinar for at det skal gjerast ei konkret vurdering av kva tiltak som er eigna. Barnehagen har sett inn tiltak og utarbeida aktivitetsplan i ei konkret sak. For å finne ut kva tiltak som kan vere eigna i ei barnehagemiljøsak er det viktig å samanstille og analysere all relevant informasjon. Dokumentasjonsplikta vil omfatte kva barnehagen gjer i den einskilde sak. Barnehagemynde vurderer at det ikkje i tilstrekkeleg grad er belyst og dokumentert om vurderinga blir praktisert og at lovkravet er oppfylt, og opprettheldt konklusjonen i den førebelse rapporten.

Konklusjon

Barnehagen vurderer ikkje konkret kva tiltak som er eigna, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. ledd

Evaluerer barnehagen tiltaka, og vert tiltaka endra ved behov?

Observasjon



I barnehagen sin mal for aktivitetsplan står det at det skal kome fram i oppfølginga «evalueringspunkt». I eigenvurderingsskjema for styrar er det svart «ja» til at barnehagen innhentar tilstrekkeleg informasjon til å kunne evaluere om tiltaka verkar, og at barnehagen tilpassar tiltaka om naudsynt. I stadleg tilsyn kjem det fram at det skjer hyppige evalueringar av dei tiltaka som barnehagen har mellom pedagogane, og saman med styrar og føresette. Føresette deltar i evaluering/vurdering om tiltaka skal avsluttast. Det kjem fram at dette vert dokumentert i strategiplanane og i kontakttida med PPT.

Vurderingar

Evaluering av tiltaka skal vere basert på dei konkrete tiltaka som er nedfelt i ein aktivitetsplan. Tiltaka skal vere konkrete og bidra til at barnet igjen får eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen har punkt i sine rutinar/malar som skildrar at evaluering skal skje. Det er vist til og sannsynleggjort gjennom dokumentasjon, at det er dialog om tiltak som er nedfelt i ein strategiplanen fungerer. Barnehagen har nyleg oppretta ein aktivitetsplan og gjort bruk av mal for aktivitetsplan aktivt. Det er i denne aktivitetsplanen vist til at tiltak skal evaluerast, og når det vil skje. Det kjem blant anna fram at tiltak skal evaluerast saman med PPT i ressursteam. Ein ligg til grunn at tiltak som er nedfelt i aktivitetsplanen vil bli evaluert og endra ved behov. Barnehagemyndene kjem i si vurdering av ettersendt dokumentasjon i forbindelse med kommentar til førebels rapport at det er sannsynleggjort at tiltak vil bli evaluert og endrar av den grunn konklusjonen i rapporten.

Barnehagemyndene vil presiserer at evaluering og eventuell justering av tiltak ikkje kan vere eit eige tiltak i ein aktivitetsplan. Barnehagen skal følgje opp og evaluere tiltaka til barnet har fått det trygt i barnehagen.

Konklusjon

Barnehagen har dokumentert system for å evaluere tiltak og at tiltaka vert endra ved behov, jf. Lov om barnehagar § 42, 4. og 5. ledd

3 Barnehagen si plikt til å lage ein skriftleg plan

3.1 Rettslege krav

Viss barnehagen får vite at eit barn ikkje har det bra i barnehagen, må dei lage ein skriftleg plan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag. I planen skal det stå:

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak barnehagen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast.

Planen må vere skriftleg og innehalde dei nemnde punkta. Ut over det må barnehagen sjølv vurderer kva som er føremålstenleg. Det er ikkje krav til korleis denne planen skal



vere, sett bort frå at den må vere skriftleg og innehalde dei 5 punkta ovanfor. Ein skriftleg plan er ein viktig reiskap for å dokumentere korleis barnehagen tar tak i ei sak.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Lagar barnehagen ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak?

Observasjon

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på mal for skriftleg plan samt rutine og retningsline der det kjem fram at det skal utarbeidast ein skriftleg plan når det vert sett inn tiltak. I retningsline kjem det fram at styrar i barnehagen har ansvar for at det blir utarbeida ein skriftleg plan. Barnehagen skal i denne planen dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Det er skildra i retningsline korleis barnehagen skal gå fram for å lage ein skriftleg plan, og kven som skal delta i arbeidet. Barnehagen fortel at dei nyttar DUÅ strategiplanar der dei skriftleg dokumenterer tiltak.

Vurderingar

Barnehagen har i eigenvurdering vist til at dei nyttar DUÅ strategiplanar i sitt arbeid med eit utrygt barnehagemiljø. Barnehagen har skildra at dei set inn tiltak og skriftleggjer dei, men at dei i stor grad ikkje har nytta skriftleg mal for aktivitetsplan. Barnehagen dokumenterer at dei skriftleggjer tiltak, men at tiltaka først og fremst er sett inn førebyggjande. Dei verktøy og metodar barnehagen nyttar aktivt er skildra som førebyggjande og proaktive tiltak på eit lågt tiltaksnivå, som er med på å hindre at aktivitetsplikta vert utløyst.

Barnehagen opplyser at det er barn som ikkje har hatt eit trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen skildrar og dokumenterer at tiltak vert sett inn. Barnehagen har ettersendt dokumentasjon som viser at det er vurdert at plikta til å lage ein skriftleg plan slik det kjem fram i § 42 5. ledd er blitt utløyst. Barnehagen har laga ein skriftleg plan og viser at dei no etablerer ei praksisendring som i større grad er i samsvar med barnehagen sine rutinar og gjeldande lovkrav. Dei viser no til ein praksis i barnehagen som er i samsvar med saksgangen slik den kjem fram i barnehagen si retningsline, rutine og mal for aktivitetsplan. Barnehagemyndede legg til grunn at dette sannsynleggjer og dokumenterer ei endring av praksis som er i samsvar med lovkravet. Barnehagen utarbeidar ein skriftleg plan når ein set inn tiltak i ein sak og vi endrar av den grunn den endelege konklusjonen.

Konklusjon

Barnehagen lagar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ei sak, jf. § 42, 5.ledd

Inneheldt den skriftlege planen minimumskrava til innhald?

Observasjon

Barnehagen har sendt inn dokumentasjon på skriftleg plan: «Mal for aktivitetsplan».



Vurderingar

Det er ikkje krav til korleis den skriftlege planen skal vere, sett bort frå minimumskrava skildra i barnehagelova §42, 5. ledd. Vi vurderer at barnehagen sin skriftlege plan inneheldt alle desse minimumskrava.

Konklusjon

Den skriftlege planen inneheldt minimumskrava til innhald.

4 Varsel om pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Pålegg er einskildvedtak jf. Forvaltningslova §2 første ledd, bokstav b. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande jf. barnehagelova kap.10. § 53.

Barnehagen si aktivitetsplikt for å sikre at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø

Barnehageeigar må syte for at plikta til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikta) oppfyller krava i Lov om barnehager § 42, 4. og 5. ledd

Barnehageeigar må i samband med dette sjå til at:

- Barnehagen vel tiltak basert på ei konkret og fagleg vurdering
- Barnehagen vurderer konkret kva som er eigna tiltak

5 De kan gi tilbakemelding på rapporten

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til Alver kommune. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Statsforvaltaren i Vestland som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.